



Terje Klungtveit (48) har sans for badeliv og restaurantar, men i tre månader har han drive streng sjølvdisiplin. Det gav gode resultat.

Foto: Leif Kvemeland

# Held tøff disiplin

Anleggsgartner Terje Klungtveit tek meistersfagbrev i Alfaz Del Pi. Nyleg fekk han beste karakter på ei prosjektoppgåve.

Av Ingvild Sjo

Denne veka kjem Klungtveit heim på juleferie, etter tre månader med intensiv jobbing på skulebenken i Spania. 48-åringen kan rapportera at det trengst hard disiplin til for å sitja inne og jobba med rekneskapsmodellar og firmaanalysar på pc når sola skin, det er 25 grader ute, og gode restaurantar ligg på rekkje og rad.

– Nei, her har det vore knallhard jobbing! seier Klungtveit som leverte oppgåva saman med ein tømrar frå Oslo. Det kom dei svært godt ifrå.

## Vaglid AS

Det er Folkeuniversitetet Vestlandet som skipar til meisterutdanning i Spania over seks månader. Alternativet er å ta det over to år på kveldstid heime.

– Kvifor satsar du på dette?

– Det var ein kompis som tipsa meg om kurset, og eg tenkte at det kunne vera kjekt å ha den utdanninga, og sjå kva det var, seier Klungtveit som er i arbeid hos Vaglid AS. Der er han anleggsgartner og har hatt mykje

oppdrag ved uteområda til Statoil på Kårstø.

– Ein blir ikkje betre anleggsgartner av denne utdanninga, men ein får danna seg eit større bilete over korleis det er å driva firma, seier Klungtveit som i tre månader har fordjupa seg i økonomi, leing, marknadsføring og prosjektarbeid. Også dette med å utvida verksemda, nytenking og framtidssatsing er med i studiet.

– Vil du rå andre til å ta denne utdanninga?

– Ja, det vil eg, men dei må vita kva dei går til. Det er store arbeidsmengder og høgt tempo. Her må ein vera 100 prosent motivert. Det er lite slaraffenliv med bading og ut og eta. Eg har

## «Full fres med lekser og greier»

Terje Klungtveit

vel heller gått litt ned i vekt, ler Klungtveit som synest det skal bli stas å koma heim til jul og eta pinnekjøtt og anna godt. Han har fått unna Modul 1 som heiter Etablering og leing, og skal ta fatt på Modul 2; Fagleg leing, etter jul.

– Du har fått veldig godt resultat?

– Ja, og det hjelper at me jobbar i grupper, seier Klungtveit og fortel at skuledagen startar med sjølvstudium 08.00 – 13.00. Så er det skule frå 15.00 – 19.00.

– Full fres med lekser og greier.

Det er lenge sidan eg sat på skulebenken, men det går bra når ein berre finn ut av det, smiler Terje Klungtveit.

## Gode resultat

Bård Reidar Førre i Folkeuniversitetet Vestlandet er koordinator og drivkraft bak opplegget, og kan melda om at nye kurs i Spania er på gang for dei som vil melda seg på. Dei har gode resultat å visa til. Sjølv om studiet er korta ned, har karakterane gått opp. Berre i år har dei delt ut tre A-karakterar i Spania.

– Dei jobbar hardt, kanskje meir enn heime, seier han om studentane. Førre har tru på å kunna reisa heimifrå for å få fordjupa seg i studium på denne måten.

– Kva kostar det å ta slik utdanning?

– Opphald og skule i eit halvt år vil koma på 120.000 kroner, opplyser Førre. Prisen heime er kring 50.000 kroner, som er utgifter til skulegang på kveldstid i to år. Førre fortel at Folkeuniversitetet Vestlandet har hatt over 180 studentar i Spania sidan starten i 2004, men Terje Klungtveit er førstemann ut som anleggsgartner.

## Meisterutdanning i Spania

- Skipa til av Folkeuniversitetets Meisterfagskule.
- To modular: Etablering og leing, og Fagleg leing.
- Tidsrom september – desember og januar – mars.
- Norske lærarar, studentar frå heile Noreg.
- Seks månader i Alfaz Del Pi.

## Slappe litt av

La oss jule litt nå, vi som kan og kan føle glede.

Det kan komme etterpå, at vi rammes av verdens vrede.

La oss jule mens vi evner å vise kjærlighet.

Velstand og lykke står ikke i evighet.

Oddbjørn Johnsen